

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 22.09.2022
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR:
SAKA GJELD: Retningslinjer for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF

ARKIVSAK: 2021/781
STYRESAK: 25/22

STYREMØTE: 29.09.2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek retningslinjer for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF.

Oppsummering

Retningslinje for leiarløn blei vedteken av styret i Helse Vest 20.04.2022. I vedtaket føreset ein at styra i HF-a legg tilsvarende prinsipp til grunn i retningslinje for leiarløn i helseføretaka i Helse Vest. Jf. **vedlegga 1 og 2**.

Retningslinjene skal bidra til å oppnå føretaket sitt mål, samstundes som offentlege midlar blir nytta effektivt. Retningslinjene skal og gi styret tryggleik for at godtgjeringsordningane ikkje er urimelege, ikkje gir uheldige verknader for føretaket eller svekker føretaket sitt omdømme.

Fakta

Med bakgrunn i endra regler om leiarløn i allmennaksjelova og Nærings- og fiskeridepartementet sine retningslinjer for leiarløn i selskap med statleg eigardel av 30. april 2021, blei Helse Vest RHF sine vedtekter, § 16 a Erklæring om ledernes ansettelsesvilkår, endra i føretaksmøte 10. januar 2022. Som ei oppfølging av dette blei vedtektene til helseføretaka endra tilsvarende i føretaksmøtet 23. februar 2022.

Kommentarar

Forslag til nye retningslinjer følgjer saka som **vedlegg 3**.

Eit hovudpoeng i retningslinjene er at godtgjeringa ikkje skal vere lønsleiarande, men konkurransedyktig slik at føretaket får rekruttert og behaldt gode leiarar. Omsynet til moderasjon skal ivaretakast. Dette skal balansere behovet for å rekruttere og behalde dyktige leiarar mot ei lønnsutvikling som er under kontroll. Verksemda er finansiert av offentlege midlar som skal nyttast på best mogleg måte for å oppnå dei mål som er sett for verksemda. Godtgjeringane skal ikkje oppfattast som urimelege eller bidra til at omdømme blir svekka.

Utkast til retningslinjer for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF er og sendt til føretakstillitsvalde.

Konklusjon

Administrerande direktør vurderer at retningslinjene legg til rette for at Sjukehusapoteka Vest HF kan tiltrekke seg og behalde dyktige leiarar, samstundes som omsynet til moderasjon blir ivareteke. Dette skal bidra til at Sjukehusapoteka Vest HF når måla sine, samstundes som offentlege midlar bli nytta på ein måte som ikkje bli oppfatta som urimelege eller svekker omdømmet vårt.

Vedlegg:

1. Styresak Helse Vest RHF sak 051/22 – Retningslinjer for leiarløn, med vedlegg «Utkast til retningslinjer for leiarløn Helse Vest RHF» og «Tidlegare retningslinjer for leiarløn i Helse Vest RHF, 2021»
2. Styrevedtak i Helse Vest RHF – sak 051/22 – «Retningslinjer for leiarløn»
3. Utkast til «Retningslinjer for leiarløn i Sjukehusapoteka Vest HF»